

Program for Masfjorden Venstre 2023-2027

Venstre tek Masfjorden framover.



Venstre er Noregs sosialliberale parti. Målet vårt er å skapa eit varmt og rauost samfunn der alle blir gitt moglegheiter og har fridom til å bestemma over eige liv.

Eit samfunn der alle får verkeleggjort sine evner og kan bidra. Der du kan leva eit godt liv uansett kva livsfase du er i.

Nysgjerrig på Venstre?

Du finn meir om valgkampsakene og kandidatane våre på **masfjorden.venstre.no**



Mål for valperioden:

**Gode lokalsamfunn der folk i ulike aldrar
kan leve lukkelege liv**



Ordførarkandidat Tove Kristin Tistel. :-Vindkraftindustri er uaktuelt i fjellla våre.

Eit trygt og motiverande oppvekstmiljø der borna treffer kunnskapsrike, interesserte og trygge vaksne

Me må vera villige til å bruka løn og andre gode, til dømes etterutdanning, for å skaffa nok dyktige lærarar og barnehagelærarar. Stipend mot bindingstid for studenter frå Masfjorden som tek høgare utdanning som kommunen har bruk for. Bustad, evt. redusert husleige for nøkkelpersonell.

Helsejukepleiar må vera tett på i skule og barnehage, til observasjon og rettleiing.

MOT-arbeidet må halda fram. Med dei små årskulla me har dei næreste åra vil det vera endå viktigare enn før med auka samarbeid mellom skulane. Av same grunn må kommunen i denne perioden vurdera kor mange ungdomsskular me skal ha.

Meir samarbeid mellom ungdomsseget på dei 3 skulane.

Ungdomskontakt i samarbeid med helsestasjon

Eit helsetilbod på dagens nivå

Sikra fastlege til alle innbyggjarar og stabilitet i helsetilbodet

Styrka lågterskeltilbod innan psykisk helse, kreft- og demensomsorg

Viktig med rett kompetanse på rett plass

I lag med frivillige lag styrka det førebyggande arbeidet om rusmiddel

Større vekt på heiltidsstillingar i pleie og omsorg

Straumforsyning og straumpris

Me treng meir straum i framtida. Berre overgang til el-bil vil føre til eit sterkt aukande forbruk. Spørsmålet er kvar straumen skal komma frå.

Venstre meiner at vindkraftindustri er uaktuelt i fjella våre. Me kan klara å skaffa nok straum likevel:

Oppgradering av eksisterande kraftverk

Det bør opnast for fleire småkraftverk. Desse bør vera på lokale hender.

Solceller kan produsera mykje av den straumen vi treng

Energiøkonomisering kan både spare straum og gjera straumutgiftene mindre for den enkelte forbrukar.

Ein trygg og god alderdom

Sikre areal til seniortun for at fleire eldre kan bu heime lenger.

Fokus på sosial omsorg og tilgang til aktivitetar og sosiale relasjonar

Seniortun med universell utforming i alle lokalsentra

Legga til rette for å få fleire ungdomar til å bu her

«Ungdomstun» for ungdom i etableringsfasen, samarbeid med private

Meir offensiv satsing på å legga til rette for bustadbygging, ikkje einsidig satsa på at grunneigarar skal engasjera seg

Halda god kontakt med ungdommar på vidaregåande og høgskular/universitet for å høyra kva dei treng for å busetja seg her

Næringsliv og bustad

Masfjorden treng eit meir variert næringsliv. Det manglar næringsareal.
Bruka kraftfondet og GMU meir aktivt til å hjelpe bedrifter til å etablera seg her.

Fortetting av bustader i dei lokale sentra, ta omsyn til det ved rullering av arealplanen.

Satsa på tettstadsutvikling

Den nyleg vedtekne bustadpolitiske planen må vera styrande for bustadpolitikken.

Få fortgang i arbeidet med å selja den gamle sjukeheimen til bustadføremål eller næring.

Kommunen må arbeida meir målretta og aktivt for å auka folketalet. Meir dialog med innbyggjarane er nødvendig.



Kommunen må spela ei meir aktiv rolle for å gjera fråflytta hus om til heilårsbustad

Ta vare på dyrka og dyrkbar jord

Breiband og betre mobildekning til alle

Venstre vil gje tilskot gjennom Kraftfondet til næringsdrivande som vil satsa på solceller

? kandidat Mariann Ulvatn: Kommunen må støtte næringssdrivande som vil installera solceller.

Kultur

Stimulera til kulturtildelning for trivsel og utvikling


Sikra at kulturskulen, idrettsskulen og biblioteka får rammer som gjer dei i stand til å driva vidare som i dag

Sikra at alle barn og unge som ønsker det, kan delta i idrett og kulturarbeid. Ingen skal stå utanfor av økonomiske grunnar

Fleir brukshall

Støtta tiltak som kombinerer kultur og næring

11. kandidat Alf Strand: Me må sikra at alle barn og unge som ønskjer det, kan delta i idrett og kultur. Ingen skal stå utanfor av økonomiske grunnar.



Naturvern

Venstre støttar framlegg om nasjonalpark i Fjordfjella

Saman med frivillige syta for å halda fjorden og strendene fri for plast og anna søppel

Laga ein plan for utskifting av kunstgras på fotballbanene og ballbingar.

Saman med oppdrettsnæringa finna fram til tiltak som held fjorden frisk



2, kandidat Pia Jakobsen: -Både innan oppvekst og pleie og omsorg er det viktig med rett person på rett stad.

Demokrati og medverknad

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen og kan legga premissar for den offentleg debatten på kommunenivå. Venstre ønskjer eit sterkt og engasjert kommunestyre.

Venstre vil styrka kommunestyret si rolle som arena for politisk debatt.

Venstre vil strøyma kommunestyremøta slik at innbyggjarane kan følgja med på kva som går føre seg i kommunestyret.

Vidareutvikla kommunen si heimesida til å bli ein effektiv formidlar av kommunal informasjon

Lokale klimatiltak, grøne lokalsamfunn

Gang- og sykkelvegar til skular og barnehagar

Energisparande tiltak i alle kommunale bygningar

Tilskot til alle som tek i bruk solcellepanel på eigen bustad, finansiert av dei ekstra strauminntektene kommunen får.

Tilskot gjennom Kraftfondet til næringsdrivande som satsar på solceller

Ladestasjonar i alle deler av kommunen, også ved kyrkjene

Gjenvinningsstasjon med utvida tilbod i alle tre krinsane

Klimavennlege byggematerialar ved kommunale nybygg og ombygging



Kristine Sleire Tistel, ungdomskandidat:
-Dersom me skal få fleire ungdommar til å vende heim, må me ha god kontakt med dei medan dei tek utdanning.

Årleg kommunal miljøpris

Vallista for Masfjorden Venstre 2023:

- 1 Tove Kristin Sleire Tistel 1971
- 2 Pia Jakobsen 1991
- 3 Marianne Ulvatn 1971
- 4 Jarle Haugsvær 1964
- 5 Kristine Sleire Tistel 2004
- 6 Britt Nordland 1966
- 7 Leif Inge Fagervik 1964
- 8 Kristian S. Kvinge 1990
- 9 Jon Martin Skauge 1982
- 10 Sigrun Andvik 1971
- 11 Alf Strand 1953

Venstre tar Vestlandet framover.

Åsta Årøen

(Venstre sin 1. kandidat i Vestland):

– Det skal vera bra å leve, bu og arbeida i heile Vestland.

Venstre vil at Vestland skal vera eit miljøvennleg, bærekraftig og moderne fylke der menneske får like gode muligheter til å lukkast.



På fylkestinget i Vestland vil Venstre prioritere

- **å stanse klimaendringane og ta vare på naturen.**
- **å byggja eit grønt og moderne transportsystem.**
- **å motivera elevar til læring og følge opp lærlingar.**
- **å legge til rette for eit nyskapande næringsliv.**



VENSTRE